



Tysnes Redningsklubb avvikla

Tysnes Redningsklubb er offisielt avvikla. Det melder tidlegare leiar for klubben, Eva Lande.

Avgjersla om å avvikla klubben etter 40 år kom på eit møte sist onsdag. Då fann dei ut at gjennom-

snittsalderen på medlemmane hadde vorte 75 år, og då tykte dei det var på tide å avslutta.

På biletet kan ein sjå Eva Lande og tidlegare president i Redningsselskapet, Lars Hellandsjø, då han

vitja Tysnes i 2007.

Pengar som står att på kontoen vert sende til redningsselskapet sitt hovudkontor i Oslo. Lande vil minna om at det no er slutt på tilstellingar i regi av klubben.

– Dette er kjempe-gode «banklefser» som alle bør smaka

Jorunn Støle Bjordal i Tysnes Bondekvinnelag, som bakar lefser til bankjubiléet



FENGSEL: Hanne Storesætre utanfor fengselet dei vitja i Moldova.

Frå Noreg til det fattigaste land

I fem dagar sist veke var Hanne Storesætre så langt vekke frå norsk komfort som ein omtrent kan koma.

Då reiste ho, ein annan elev og to lærarar frå Os vidaregåande skule, saman med seks andre frå Os gymnas og Langhaugen vidaregåande skule, til Moldova.

Moldova er det fattigaste landet i Europa, og representantane frå dei tre skulane fekk sjå forholda i landet og kva pengane går til som dei samlar inn på skulane for «Hjelp Moldova».

Innblikk i Moldova

Hanne Storesætre går til dagleg på ambulanselinja på Os Vgs, og det var læraren hennar som føreslo at ho burde

vera med på turen. Storesætre fortel at dei fekk eit heilt unikt innblikk i korleis kvardagen er for mange i Europa sitt fattigaste land, og kor låg standarden i helsesektoren er der.

Os Vgs har hatt sin eigen «Operasjon Dagsverk» i eit par år, der elevane samlar inn pengar for å støtta «Hjelp Moldova», som er ein uavhengig humanitær hjelpeorganisasjon.

Vitja institusjonar

Turen var full av opplevingar, og sette den norske kvardagen i eit heilt nytt lys for reisedeltakarane.

– Den fyrste dagen i Moldova vitja me eit ungdomsfengsel i Goyan for gutar frå 15 til 19 år. Fengselet er eit prosjekt mellom moldovske styresmakter og norske styresmakter/

Norlam. Målet er å heva standarden på fengselet til eit norsk nivå, fortel Storesætre.

Deretter vitja dei ei syns-avdeling på eit sjukehus i Moldova. Der finst den einaste fungerande laseren i det offentlege helsevesenet i Moldova. Det var optikar Hans Bjørn Bakketeig frå Os som sytte for at den kom til sjukehuset.

– Takka vera Bakketeig hoppa dei nesten 50 år fram i tid, seier Storesætre.

Landet har to andre laserar, men dei er på private sjukehus. Dei fleste i Moldova har ikkje råd til det.

Livsendrande briller

Bakketeig er optikar og har eit synssenter i Moldova.

– Me fekk vera med då fire pasientar fekk briller – det var fantastisk å sjå reaksjonen

deira då dei fekk synet attende. Det vart tårevått for fleire av oss, fortel Storesætre.

I tillegg vitja dei eit mor- og barn-sjukehus.

– Der var det veldig dårlege forhold – det var uhygienisk og kaldt, det lukta vondt og det budde fire mødre med alvorleg sjuke born/nyfødde på kvart rom, seier Storesætre.

Det er berre nokre år sidan det kom varmt vatn på sjukehuset. Det takka vera Statoil og «Hjelp Moldova».

– For oss er det heilt utenkjemleg å ikkje ha varmt vatn, men der har dei endeleg fått det. Det var utruleg å sjå kor mykje ting betyr for dei, som me tek for gitt, legg Storesætre til.

Vanskeleg kvardag

Deretter var det tid for å vitja to barnehagar som «Hjelp

Moldova» har vore involvert i.

– Me vitja ein barnehage for synshemma, og ein for funksjonshemma born. Det er kjempeflinke folk som jobbar der, og det var godt å sjå at borna hadde det bra. I barnehagen for synshemma born brukte dei mykje musikk og fargar, og borna koste seg, fortel Storesætre.

Gruppa tok med seg nokre klede til borna, og dei vart kjempeglade for klede som Fretex kanskje ikkje ville teke inn.

– Det set ting litt i perspektiv, i alle fall for min del, konstaterer Storesætre.

– Me fekk og treffa to foreldrelause sysken, Ana og Andrej. «Hjelp Moldova» har sytt for at dei har fått eit betre liv, trass i den vanskelege tida dei har hatt. Det var inspire-